

Møtebok Fjordvegen Riksveg 13

Styremøte 06.12.2023 kl 10.00-12.00 Digitalt

Deltakrarar: Gerd Helen Bø, Toralv Mikkelsen, Marta Sofie Vange, Ingvald Torblå, Roald Aga Haug, Kristoffer Amdal, Anita Husøy Riskedal.
Sekretariatet: Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo, Jostein Eitrheim

Sakshandsaming:

Sak 39/23 Godkjenning av protokoll frå styremøte 31.10.2023

Vedtak: Protokoll vart godkjent.

Sak 40/23 Meldingar

Ingen meldingar utsendt

Sak 41/23 Plan for påverknadsarbeid

- **NTP 2025 - 2036 Jfr. utsendt drøftings-notat**

Det er kome inn tre svar frå medlemmane. Svara vart sendt ut i møtet. Prioritering av kriteria vart drøfta, dette for å kunne spissa framtidige uttalar og presentasjonar.

Vedtak:

1. Rassikring må stå høgast.
2. Stenging pga rasfare. Dette gjev stor uvisse for stengt veg på kort varsel.
3. Oppetid og framkomst, spesielt der det ikkje er reell omkjøringsmulegheit.
4. Rassikring og vegutbetring bør vera viktigast for Rv 13.

Enkeltprosjekt ikkje skal omtalast.

- **Uttale til Samferdselsministeren vedk. konsekvensar av stengt Lærdalstunnel.**

Oppdatert forslag vart sendt ut rett før møtet for gjennomgang.

Kommentarar:

Det bør takst med som tillegg i uttalen at stenging vil føra til auka trafikk aust-vest via E134. Det fører til stor belastning på Rv 13 Oddadalen, og gjeld uavhengig om trafikken vil gå over ferjestrekka Tørvikbygd-Jondal eller Kvandal-Utne.

Vedtak: Ferdig uttale skal sendast til Samferdselsdepartementet.

- **Uttale vedr. prioriterte prosjekt på Rv 13 Skare - Sogndal.**

Oppklaring: Eksisterande skredfaktormodell ligg til grunn for tabellen over skredpunkt med høg og middels skredfaktor levert som del av leveransen til ny NTP (SVV). Skredfaktor er heva for nokre punkt på Rv 13 i Voss/Vik mest pga auke i ÅDT dei siste åra.

Styret si oppsummering:

- Styret er ueinige i dei førebels prioriteringane til Nye Veier.
- Fjordvegen ønskjer høgare prioritering av rassikring.
- Strekninga gjennom Oddadalen får for lite fokus. Fjordvegen ønskjer ei heilskapleg handsaming av dette strekket som må prioriterast høgare. Næringsomsyn og verdiskaping har for låg prioritet her.

- Styret er også ueinig i at Kvasdalen er teke ut av prioriteringane.
- Fjordvegen vil arbeida for at Rv 13 får høg prioritering i Nye Veier si portefølgje, og 3,6 milliardar kr kjem til rask bruk på Rv 13 Skare-Sogndal. Fleire tiltak skal vurderast
- Det må jobbast politisk for midler til planlegging av Vikafjellstunellen.

Vedtak:

Styret er ueinige i dei førebels prioriteringane til Nye Veier, og vil invitera Nye Veier til neste møte for å drøfta ei tydelegare prioritering som tek omsyn til overnemnde punkt. Endeleg tilbakemelding til Nye Veier er utsett.

Sak 42/23 Fjordvegen Riksveg 13 i sosiale media (Some) - Retningslinjer

Vedtak:

Desse retningslinjer lagt fram i styremøtet skal brukast:

- Ved publisering av eigne artiklar og deling av artiklar på Some skal det leggjast til grunn at innhald skal vera "på lag med medlemmene sitt syn".
- Seniorkonsulent er redaksjonelt ansvarleg for alt som vert publisert på Some. Ved tilfelle som kan vera diskutabile, skal seniorkonsulent avklara med styreleiar.

Sak 43/23 Møteplan 2024 og omsynet til årskonferanse/årsmøte

Det blei orientert om utfordringane med å plassera årskonferansen i eit NTP-år. Dette utfrå ønskje om både flest muleg parti/Stortingsrepresentantar på konferansen, samstundes med at det enno ei stund er uvisst når NTP blir framlagt. Me erfarer og at transportkomiteen planlegg høyring etter påske og har lagt fleire synfaringar i perioden.

Vedtak:

1. Møteplan for styremøta våren 2024 vert tilpassa arbeidet og tidspunktet for Årskonferansen og Årsmøtet.

Neste styremøte må difor bli digitalt i første del av januar. Forslag blir sendt ut etter avklaring av kommunale møte.

2. Årskonferansen med årsmøtet skal avhaldast før framlegging av NTP-forslaget frå Regjeringa, dvs februar/mars. Mest aktuell dato er 4. mars 2024 .

3. Pga avgrensa tid, får eit arbeidsutval med styreleiar og nestleiar saman med seniorkonsulenten fullmakt til å finna tid og stad samt utarbeida ramene for Årskonferansen.

4. Årskonferansen skal arrangerast som tidlegare med styremøte søndag og årskonferanse/årsmøte mandag.

Sak 44/23 Status/tiltak langs Rv13, gjennomgang for kvar kommune

Ikke meldt.

Sak 45/23 Innmeldte saker/Ymse

Studietur langs Fjordvegen er viktig for styret. Dette for å verta betre kjend med heile strekninga. Det vert seinare lagt ein plan for tur for medlemskontakt langs heile Rv 13 hausten 2024.

Styremedlem Toralv Mikkelsen takka for seg med dette siste styremøte som Vestland fylkeskommune sin representant i sist valperiode.

Dagleg leiar Jostein Eitrheim takka for seg med dette siste styremøte da han har vald pensjonsordning frå årsskiftet.

Kinsarvik, 06.12.2023

Referent Jostein Eitrheim/Hanne Sundbø